



**Referat frå møte i Hardanger kulturråd
Ragdeveien 17, Odda
Onsdag 12. oktober 2016 kl 11:30 – 16:00.**

Tilstades:

Lage Thune Myrberget
Eva Wiberg, Ullensvang
Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord
Espen Eide, Ulvik

Frå Hardangerrådet: Trude Rinaldo

Forfall:

Sigrid Brattabø Handegard, Jondal
Olav Seim, Granvin
Inger Sekse, Ullensvang
Mary Ann Sørheim, Kvam

Agenda:

11.30 – 12.00:	Lunsj
12.00 – 16.00:	Sakshandsaming og presentasjonar

Sakliste:

1. Ingen saker melde ved start av møtet.
På neste møte kan rådet diskutera kva fagpersonane innan kultur meiner fram mot og etter samanslåing av kommunar i Hardanger.
2. Status for arbeidet med «777»:
 - Eigna lokaler er ikkje funne i kommunane
 - Korleis bruka svar frå kartlegginga av kva kunst kommunane i Hardanger har. Det manglar fortsatt kartlegging frå nokre kommunar.
 - Lage tar kontakt med Jondal kommune om «777» prosjektet.
 - Me bør søka om midlar til eit forprosjekt for å setja i gang arbeidet. På denne måten kan me engasjera nokon for framdrift.
3. Evaluering av Teaterturné i Hardanger
 - Det har vore eit veldig godt samarbeid både med Det Norske Teateret og Noregs Ungdomslag. Forestillinga hadde framifrå kvalitet. Marknadsføringa var god.
 - Det var svært kostnadseffektivt at dei fekk bruka kunstnarbustaden i Eidfjord som base for deler av turneen.
 - Totalt sett er me svært nøgde!
4. Hardanger-Berlin.
Husværet er sagt opp og ordninga opphøyrer 31.12.2016
5. Orientering om Tilskuddsportalen.no v/ Erik Hager. Presentasjonen ligg ved
6. Orientering om Amatørkulturråd v/ Geir Eikenes. Presentasjon ligg ved

Trude L. Rinaldo
referent